



Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/12010-1

Årsmelding 2019 - fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne

Framlegg til vedtak:

1. Årsmelding 2019 vert godkjend
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere melding i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte den 13. november 2019.
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmelding tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vedlegg:

Årsmelding 2019

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen. Rådet skal handsame saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne, med tanke på å gjere kvar dagen enklare for dei. I møte i fylkesutvalet 4. november 2015 i sak 109/15: Val av medlemer til nemnder o.a. vart følgjande valt for perioden 2015 – 2019:

Medlem: Erlend Haugen Herstad (Sp)

Varamedlem: Gunn Karin Sande (Sp)

Medlem: Odd Atle Stegegjerdet (Ap)

Varamedlem: Beate Bondevik Lie (KrF)

Medlem: Wenche Røkenes (FFO)

Varamedlem: Anita Aasøy (FFO)

Medlem: Magnus Strand (FFO)

Varamedlem: Geir Liavåg Strand (FFO)

Medlem: Bente Underthun (SAFO)

Varamedlem: Elbjørg Lie (SAFO)

Fylkesutvalet valde i møte 4. november 2015 følgjande som leiar og nestleiar:

Erlend Haugen Herstad - leiar

Odd Atle Stegegjerdet - nestleiar

Wenche Røkenes søkte om fritak frå vervet i mai 2017. Fylkesutvalet handsama søknaden i møte 20. juni 2017, og gjorde slikt vedtak i sak 66/17:

1. Fylkesutvalet fritar Wenche Røkenes frå sitt verv i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
2. fylkesutvalet vel som ny medlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Anita Aasøy
3. Fylkesutvalet vel som ny varamedlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Synnøve Solhaugen Engen

4. Konklusjon

Dei faktiske aktivitetane rådet har delteke i kjem fram av sjølve meldinga. Rådet vil drøfte dette innhaldet i sitt møte 13. november, og sekretariatet redigerer i etterkant meldinga og ferdigstiller den i samsvar med innspela som kjem fram i møtet.